

# SPRÅKLU SAMLING

1963  
4. ÅRGANG

LØSSALG 50 ØRE

NR. 1  
FEBRUAR/  
MARS

GITT UT AV LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

## VI MÅ FORNYE REISKAPEN

„Sproget“ har alltid vore i fare

Det er vanskelig for meg å begripe at motstanden mot eit sams skriftspråk i Norge skal vere så stor som han er. Stor frå begge kantar, men stort frå dei som seier seg å ha til oppgåve å «bevare de dannede klassers sprog».

«Sproget» har alltid vore i fare. Da underskrivne tok til på folkeskolen, streva vi ennå med pure dansken. I lesebøkene var det til og med stor bokstav for kvart substantiv — for ikkje å nemne øer og fjelde, bøger og piger og grædende børn. Men så fekk vi øyer og fjell og harde konsonanter, og så vart det straks eit ramaskrik frå dei som sa seg å representere kulturen. Og sia har «sproget» vore i fare for kvar ny rettskriving.

Eg var 25 år gammal da eg gjekk over frå bokmålet til nynorsken. Denne låg nærmare dialekten og morsmålet og gav lettare og meir naturlig uttrykk for det eg hadde på hjarte. Likevel skal eg ærlig vedgå at eg av gammal vane framleis like så lett kan lese prosa på bokmålet. Dette er vel sik-



Hans Hyldbakk.

kert medverkande årsak til at eg med såpass lett hjarte gir avkall på så mange avleggse og konservative ord og vendingar i nynorsken for å nærme meg bokmålet. Derfor er det vel og at eg med stor glede ser den dagen imøte da det norske folket kan stå samla kringom eit felles skriftspråk med all øydande språkstrid bak seg.

Det er noko merkelig med språket. Det er med språket vi gir uttrykk for tankane og kjenslene våre og gir andre menneske del i desse. Derfor blir språket

(Forts. s. 2)

## Vi må samle oss om Norsk Språknemnd

Gode forhold for Libertas og Riksmålsforbundet

Det er eit vanlig syn mellom folk at nå må vi til å gjøre oss ferdig med språkstriden her i landet. Vi har mange andre ting å slått med og for. Ein gang var kanskje denne striden nødvendig. Når eit talespråk skal få sin skriftnormal, må det koste litt. Og lausrikinga

frå dansken kosta oss både tid og strid. Vi kan diskutere til evig tid om det kunne eller burde ha gått lettare. Men nå må vi vel vere ferdig med dette. Og da må vi kunne finne fram til eitt skriftspråk. Lat oss sjå på enkelskmennene. Dei hadde så mye sunn sans at dei smelta saman dei to språka sine til eitt. Alle må vere enige i at engelsk er eit rikt og praktisk og vakkert språklig uttrykksmiddel. Dei store diktarane kan bruke dette språket. Og mannen i gata får sagt det han vil på dette same språket.

Vi har også ei historisk utvikling bak oss som gjør ein slik utviklingsgang naturlig når det gjeld språket. Framtidsspråket vårt må bli så romslig at det kan ha røter tilbake både i folkelig talespråk og den gamle dansk-norske skriftnormalen. Det må bli resultatet av ei fri og naturlig språkutvikling i vårt land. Og nå har Stortinget skapt eit godt instrument til romslig språkrot. Det burde vi vere svært glade for. Det er Norsk Språknemnd alle radikale krefter må samle seg om i dag, og all

(Forts. s. 2)

LEIF FISKE:

## UNGDOMMEN OG SPRÅKET

Det er ikkje så greitt å vere ungdom i dag. Det er mange ting ein må gjøre seg opp ei meinung om. Ikkje minst språket kan valde vanskær. Her blir det ofte slik at ein vinglar fram og tilbake, og da kan det vere bra å få hjelp. Det er alltid nok av dei som vil hjelpe, men det er ikkje alltid det blir drive ærlig spel. Meiningane kan komme godt tildekte og i små porsjonar. Eg kan ta eit døme.

I pinsa 1960 var eg og med på eit kurs for gymnasistar som Libertas hadde på Ellingård. Vi hadde der noen fine dagar med nok av god mat og fritid, og dette koste oss ingenting. Alt dette skulle nok gi oss den rette Libertas-ånda. Og det vanta heller ikkje på riksmålspropaganda.

Nils Kiær hadde det slik at han ikkje kunne like målfolk, fråhalds-

folk og venstrefolk. Både på skolen og utanfor skolen har eg møtt folk som har hatt det på same måten. Mange landsungdommar som kjem til ein by for å gå på skole, tåler ikkje denne motgangen, dei fell ifrå. Redsla for å bli kalla fanatikar gjør nok og sitt. Så varer det ikkje lenge før dei tykkjer at radikal språkbruk er fremmed og rar, akkurat som mange av bykameratane tykkjer det. Som gutunge var eg mye i lag med ein gammal gardbrukar og hesthandlar som var god til å svare for seg. Ein av replikkane hans var: «Pilatus tala med sin forstand, og det var ingen som undrast på han.» Eg har ofte hatt lyst til å svare det same til riksmålsfok som er like fanatiske som dei vil ha det til at eg er.

Nils Kiær hadde det slik at han ikkje kunne like målfolk, fråhalds-

## Nordmøre folkehøgskule I NYTT HUS VED 50 ÅRS JUBILEET

Det var ein stor dag for oss som arbeider her på skolen, da vi den 24. september 1962 kunne ønske dei nye elevane velkomne til skolen i den nye foredragssalen. Med det for vi likesom forbi ein milestein på vegen. Det har vore mange før i dei snart 50 åra skolen har vore i gang, og mange er att fårt vi vone. Somme av dei skulle vi helst nått fram til og fare forbi di før di heller.

Dei fleste kjenner kans-

skje til at det var i 1913, den 12. oktober, at Henrik Rytter opna det første vinterkurset på Nordmøre Folkehøgskule. Da var Gjennes skolestaden. Diverre fekk Rytter ikkje halde på meir enn 3 år. Det vart stor strid om kvar skolen skulle ligge, men endskapen vart at han i 1919 vart flytta til Surnadal, der han sia har vore.

Etter krigen var husa  
(Forts. s. 3)

## Mine Kristusframstillinger i maleri og mosaikk

Av Kalla Skrovseth

Det er ca. 13 år nå siden jeg malte mitt første Kristus-maleri. Det var det lille Jesusbarnet på mors fang.

Jeg bodde midt i Oslo's sentrum den gangen. Hadde

bare ristet på hodet. Jeg syntes det lå så alt for høyt for meg. Bare de aller beste måtte innlate seg på noe så stort og hellig, tenkte jeg.

Dog var det en stille lengt



Mosaikk-relieff utført i antikkglass og gull. Størrelse 1,75 x 1 m. En treklang i form og farge. Synderen, Korset og Frelseren i rødt, gull, gult og hvitt, som hovedfarger, på blå murvegg.

Kalla Skrovseth, 1960.

netttopp vært på besøk hos en maler, og han hadde da malt et lite maleri av Korsfestelsen.

Jeg var veldig betatt av det vesle maleriet, og satt i stum beundring en lang stund. Plutselig sa maleren: «At ikke du maler bibelske motiver? Det skulle du gjøre!» «Å ne-i,» sa jeg, og i mitt indre etter at også jeg en gang måtte få lov til å male Jesus.

Like etter vågde jeg meg altså til å male mitt aller første — og det ble så Jesusbarnet på mors fang.

Tre år seinere fikk jeg min første oppgave med Kristus som det sentrale midtpunkt på et 16 m<sup>2</sup> stort lerret.

Etter hvert er det blitt mange.

Men hver gang jeg går til en slik oppgave, er det alltid  
(Forts. s. 2)

Hans Hyldbakk:

# Vårsøg

No skin de sol i høgste Svealiå.  
No blir det vår, de kjenne e så vel.  
De song så tongt kreng alle dalasiå,  
å synnavinn, han kjem å gjer me sel.

Når sommarn kjem, da blir det fint e fjellå,  
da ska e dit å hør kår bekkjinn song,  
å kliu te topps i brattast berjestellå,  
å vea gras å tort å tågberløng.

E kjenne lukt tå gras kreng alle haua,  
å sola skin, å bjøllåin kleng så kløkt.  
Å tjønninn legg så blank der e ska laua,  
me berg ekreng, der e kan sol me trøgt.

Å du, å du kår sårt å selt e stoinna,  
når sola skin frå kvite høgdå ne.  
Da væt e vår'n, han e kje lenger oinna,  
at e får levva slik øen sommar te.

Da væt e vesst at bekkjinn legg å venta  
poinn kalla isa me så sval øen drekk.  
Når hausten kjem å sistkvellklova henta,  
da ska e takk før sommarn så e fekk.

VI MÅ SAMLE OSS — forts. fra s. 1

## Kva brukar Libertas alle pengane til?

språklig konservatime burde kunne glede seg over at språket endelig kan bli vakt av eit slikt organ.

Her på Nordmøre vart språkreformen tatt opp for over 100 år sia av noen framsynte menn, og i over ein mannsalder har nynorsk skriftspråk vore i bruk i skole, kyrkje og administrasjon. Det er rimelig at folk på desse kantane ikkje vil gi opp denne saka før ho har fått ei rimelig og god løysing. Vi tykkjer at styresmaktene legg forholda for vel til rette for slike organ

som Libertas og Riksmålsforbundet. Vi tvilar på at dei vil få mykje takk for det. I alle fall nektar vi åtru at våre politiske leiarar er redde for å ta ihop med desse gigantane frå den økonomiske verda.

Vi som lever vårt kvar-dagsliv ute i provinsen kan ikkje makte stort mot dei. Nesten daglig blir vi bombarderte av avis kampanjane som Riksmålsforbundet arrangerer. Skriv vi eit lite avisinnlegg, blir det hardt retta.

Er det dette dei vil kalle «fri sprogrutvikling»? Eg har spurt om det ofte, og eg vil halde fram å spørre heilt til eg kan få eit brukbart svar: Kva brukar Libertas alle pengemidlane sine til? Dagbladet er til vanlig svært interessert i slike saker, kvifor tar ikkje dei opp denne saka?

L.

☆  
**SURNADAL SAMVIRKELAG**  
med sine  
7  
UTSALG  
når alle forbrukere i  
SURNADAL

med sine

7

UTSALG

når alle forbrukere i

SURNADAL

☆

Frida Andreassen  
SURNADAL  
MANUFAKTUR  
KORTEVARER  
FRUKT  
ESSO - Bensinstasjon

«SPROGET» HAR ALLTID — forts. fra s. 1

## Forklarlig, men ikkje forsvarlig at enkelte rasar mot språksamlinga

ein del av oss sjøl og kan for mange kjennast like vanske-lig å forandre som eigen personligdom og karakter. Dette gjeld sjølsagt først og fremst forfattarane som i særlig monn har språket til reiskap. Det kan derfor vere forklarlig, men ikkje for-svarlig at slike kjende forfattarar som Bjerke og Øverland m. fl. rasar mot språksamlinga. Forutan det at dei ottast for at dei radikale formene skal slå reiskapen ut av hendene på dei, kjem kanskje og den pinlige tan-ken at det dei alt har skrive og vunne seg eit namn på, skal bli for gammaldags i språkdrakta for kommande etter. Ein slik otte må i alle tilfelle vere grunnlaus. For enno les vi da både Holberg og Petter Dass med stort utbytte på originalspråket.

Når det gjeld språket som åndelig reiskap, er det hel-ler ikkje grunn til otte. For her er det enda ein merkelig ting å peike på: Om det svir litt i førstninga å kaste over bord avglegge ord og for-mer, så går det ikkje lang tid før ein er så innlevd og vant med dei nye at desse er like umissande og kjære som dei gamle var. Dette er i quart fall mi røynsle. Og når det kjennest slik for meg som er blant dei fattige i ånden, kor mykje mindre grunn skulle det vere til otte for dei store ånder, som med si rike ska-parevne kan sprengje alle

De vil trives på  
**SURNADAL**  
**HOTEL**

SURNADAL



## SIGURD SÆTER

Mote - Broderi

Manufaktur

Herre- & Damekonfeksjon

Presangjenstander

SURNADAL

«Jeg kysser dine hender med sår og naglegap. de som så selsomt vender til vinning alt mitt tap. De hender som har skrevet med blod og naglespiss mitt hjerte frihetsbrevet, min barnerets bevis.»

De fleste idéer får jeg direkte fra Bibelen. Ingenting kan som Bibelen gjøre meg både glad og grepel og inspirere meg til å yte til det ytterste — nyanser fra det dypeste mørke, uforståelige til det høyeste lys!

Både form og farge i selve komposisjonene prøver jeg så langt råd er å få til å passe inn i arkitekturen som bygget eller rommet er holdt i. Tidens arkitektur krever tidens form for utsmykking. En kan etter min mening lage ting til moderne hus uten å være nonfigurativ.

Ingen vet bedre enn jeg selv at mine Kristus-framstillingar er langt fra fullkomne! Men jeg arbeider stadig videre med denne rike oppgave, og finner alltid noe nytt som jeg gjerne vil få fram.

Mitt motto og min bønn er:  
Av Guds nåde — til Guds ære! **Kalla Skrovseth.**

Hans Hyldbakk.

## KRISTUSFRAMSTILLINGER

— forts. fra s. 1.

tid like stort og hellig for meg, og jeg går til arbeidet med ydmykhet, takk og bønn.

«Jeg løfter mine øyne opp til fjellene; hvor skal min hjelp komme fra? Min hjelp kommer fra Herren, himmelens og jordens skaper.» 121. 1—2.

De fleste Kristusframstillingene i mine arbeider knytter seg til forsoningen, helst som komposisjon, med Korset eller andre symboler — og så, oppstandelsen, med seier over død og grav.

Oftest har jeg Jesus med de naglemerkte hender.

## Odd Solumsmoen

Den svenske regjeringa har tildelt den norske forfatteren og kritikeren Odd Solumsmoen et reisestipend på 3000 kroner. Det er et utvekslingsstipend. Tilsvarende gis til en svensk kritiker.

## Paneler og Golv av

### Nordmørsfur

varer lengst —

kom og sjå lageret vårt



Surna

## Emballagefabrikk A.L

SURNADAL

Olaf Moen Eftf.

☆ T.V.

☆ RADIO

☆ SPORT

SURNADAL

# O. MAUSET

## BOKHANDEL

SURNADAL



☆

## SPRÅKLIG SAMLING

Utgitt av Landslaget for Språklig Samling

REDAKTØR:

Kay-Olav Winther

REDAKSJONSSEKRETÆR:

Gisle Gravem

ANSVARLIG: Svein Hofseth

## MER OPPLYSNING

Trass i at Norsk Språknemnd nå er ikke i sitt ellevte år, er det svært lite den alminnelige mann veit om arbeidet i nemnda.

De fleste har vrangforestillinger fordi de utelukkende har fått informasjoner av dem som vil nemnda til livs. Nemnda sjøl har gjort lite for å rette på dette.

Det kan vi til en viss grad forstå ettersom arbeidet med Læreboknormalen i lang tid krevde all oppmerksomheten.

Vi trur likevel at det har vært galt heilt å ofre denne virksomheten. Motstanderne av nemnda har hatt fritt spillerom til å undergrave folks tillit til holdbarheten av det arbeidet den har utført, og på den måten er Læreboknormalen på et vis kommet til å falle på steingrunn.

Det er neppe for seint å rette opp den skaden som er skjedd, men det er farlig å trøste seg med at tida leger alle sår. Det må aktiv innsats til, og vi håper at Språknemnda i tida som kommer vil satse på å gjøre si stilling, si oppgave og sine arbeidsmåter klare for publikum.

Nå er det kan hende ingen ting i statuttene som gjør en slik virksomhet naturlig, men den er nødvendig, og da får man sørge for heimel.

Man bør overveie å la nemnda gi ut et periodisk informasjonsskrift samtidig som man bygger ut en effektiv pressetjeneste for å nå breiest mulig lag av folket.

De småskriftene nemnda har begynt å gi ut, er et skritt i rett lei, men ikke nok. Det er dessuten et spørsmål om det har vært gjort nok for å gjøre disse skriftene kjent. De er gitt ut på et av de større forlagene våre, men reklamekampanjen har til nå vært heller beskjeden.

Kan hende bør nemnda sjøl stå som utgiver for på den måten å stå friere når det gjelder å gjøre stoffet kjent for folk.

Vi håper Norsk Språknemnd vil rette oppmerksomheten mot dette problemet og vurdere hva som kan og bør bli gjort, for vi trur at en skikkelig opplysningsstjene este er nødvendig dersom nemnda skal bli bedømt på riktige forutsetninger og få den plassen i folks bevissthet som den har rimelig krav på.

NYTT HUS — forts. fra s. 1

## PÅ FART MOT NESTE MILEPEL

heilt nedslitne, og smått i senn tok tanken om vøling eller nybygg til å vekse fram. Men så kom nedgangsåra da tilgangen på elevar til folkehøgskolane minka sterkt, somme stader så sterkt at skolane måtte stanse. Her ved skolen Reid dei stormen av, men åra

hadde gått. Nå gjekk Brørs av etter oppnådd alder i 1957. Frå da har underskrivne vore styrar. Da hadde ein så vidt tatt til å sjå framgang i elevsøknaden att, og dermed kom spørsmålet om nybygg opp med full tyngde, og på styremøte 17. februar 1958 vart det valt byggemnd. Og nå står bygget her, teikna av arkitekt Torleiv Vold, Vikhammar. Og eg vil gjerne få nemne at da tilsynsmanen for folkehøgskolane, Stein Fossdal, vitja skolen siste sommar, gav han arkitekten stor ros for arbeidet.

### Dog allikevel

Selsagt var Knut Johannessen en blid fyr etter helgens skyte-løp — til tross for verdensrekordnotering på 3000 meter.

Sarpsborg Arbeiderblad

### Kretslosp?

Vi ser av Østfoldposten at Rakkestad IF har arrangert «kretslosp» på skøyter. Vi trudde kretslosp hadde noe med biologi å gjøre.

### Store språkmenn om norsk språkutvikling

Arne Garborg i «Vor Sprogudvikling. En rede-gjørelse» (1897): «Det enes Norskhet maa forbinde sig med det andets kultur. Da staar vi ved Maalaet.»

Johan Bojer «Om vår språkutvikling» (1938):

«Men stadig vil talemålene i bygd og by strømme videre over i hverandre, og følger skriftformen etter, vil den dagen ikke være så langt borte, da Norges samling også i morsmålet vil være endelig fullbyrdet.»

### Nordmøre-redaksjonen

I Nordmøre-redaksjonen har vært skoleinspektør O. Lysberg, lærerskolelev A. Ørsal og ing. P. K. Aamo.

Anna kan ikkje seiast enn at arbeidet går mye lettare enn før. Fleire og betre undervisningsrom, og plass for fleire elevar. I år har vi 72, men da bur 12 heime. Av desse 72 går 19 på såkalla andreårskurs. Dette kunne vi heller ikkje ha før på grunn av for lite hus. På andreårskurset må elevane ha realskoleeksamen eller folkehøgskole for å komme inn, og det er eit vidaregåande kurs for slike som enten vil ha ei avsluttande allmennutdanning, eller som og vil vidare på andre skolar.

Til hausten er Nordmøre Folkehøgskule 50 år. Da reknar vi med at vi skal ha innviing av nybygget samstundes med jubileumshøgtida. Da fer vi og framom ein milestein og er vonlig på full fart mot neste. For det kan ikkje løynast lenger, etter at vi har fått dette bygget, at det er mangt som er

for smått og for lite tidhøvelig, og som knapt er i samsvar med lova, i det gamle gymnastikkbygget. Vi kan bare tenke på sløyd- og formingsalsal, med dei birom som hører til der. Elevromma der, og til og med gymnastikkalen, er for liten med den elevkapasitet vi har nå. Vi får tru det let seg løyse.

Matte det bli oss unnt som har vårt arbeid her, å få evne til å gjøre vår gjerning til beste for den ungdommen som kjem til skolen, og dermed for det distriket dei unge kjem ifrå.

Markus Magnar Skogstad.

## MEDARBEIDERE

i dette nummeret:

Hans Hyldbak, forfatter, f. 1898. Diktsamlinger: «Harpespel» 1929, «På Vandringssveg» 1930, «På Heimveg» 1937, «Heimbygders» 1943, «Husmann og Husmannsplassar i Surnadal» 1942, samt storverket «Bygdebok for Surnadal».

Bjarne Østbø, Undervisningsleder ved Surnadal Linedelte Ungdomsskole, f. 10. mars 1918.

Ola Dønheim. Lærer og forhenværende stortingsmann for venstre, Møre og Romsdal. Ordfoerer i en mannsalder i Surnadal. Nå pensjonert, men i høyeste grad vital. F. 10 desember 1887.

Markus M. Skogstad. Folkehøgskulestyrar ved Nordmøre folkehøgskule, Surnadal, f. 2 august 1918.

Leif Fiske. Gymnasiast, f. 5-10 -42.

Olav Lysberg. Skoleinspektør Surnadal, f. 17 mars 1920.

Kalla Skrovseth. Malerinne, f. 9 november 1913. Studert maling med lærerne Rude og Revold i Oslo, og videre utdannelse i Amerika og Italia. Har dekorert flere kirker og forsamlingshus, blant annet, Blå-Kors festsal i Oslo, Haugesund nye Metodistkirke, Lensvik kyrkje i Sør-Trøndelag og flere.

den første til siste tittel. H.H. har heile tida vori «på heimveg». At han også vart sin eigen forleggar er ei sak for seg, dermed glei han nå heilt ut av synsfeltet til dei som berre ser ut på gata frå Theaterkafeen.

Og så tok han til å skrive på nordmørsmål. Det er ikke så få som går rundt og trur at det er «lettare» å skrive på dialekt enn i normalisert språkform. Med visse etterhald må ein vel seie at det motsette er nærrare sanninga. Ein dialekt-diktar kan ikke jukse med ordstilling og ty til klingklang-orda. Han skriv for eit publikum som nettopp her i alle fall kjenner seg sakkyndig nok og er heller kravstore kritikarar: sambygdingane. For dei kan kvart uekte avvik frå den dialektbundne seiemåten kjennast som klepp i graut og hår i smør.

Men til vederlag har dialekt-diktaren eit instrument å spele på som kanskje ikke er så mangstreng som harpa, men det har lell ei større klangvidd enn noen møtekritikar kan vere i stand til å høre. Og frå dette grunnlaget har så H.H. gått innatt i normal-målet, slik ein kan sjå det i dikt etter dikt

Språklig Samlings KRONIKK nr. 1 — 1963

## BYGDEDIKTAREN

AV BJARNE ØSTBØ

Slår ein opp i eit velkjent norsk leksikon, finner ein at Hans Pedersen Hyldbak, norsk lyrikar og bygdesogegranskare, vart fødd på Skei i Surnadal. «Av yrke var han agent o.a.», står det. Han døydde i 1947, og arbeidde siste leveåra med ei slektsøge frå Surnadal, får vi vite.

Søker vi nærrare opplysning i hans eige verk, ætte-soga «Husmann og husmannsplassar i Surnadal», finn vi at han der har sett inn den lakoniske fråsegna: «Hans, f. 1889, død ugift?» — Eg går ut frå at han, som alle ættegranskare, setter si ære i å gi sannferdige opplysningar, og da kjem vel denne til å stemme med verkeligheten, enda spørsmålsteknet kunne tyde på at forfattaren har hatt sine tvil da han slo dette fast.

Men leksikon-visdommen lyt reviderast. Hans Hyldbak er i høgste grad levande den dag i dag. Heldigvis.

Det er ikke så lett å presentere Hans Hyldbak for lesarar som hører heime i andre landsdelar og i andre miljø. Både på trykk og i radio har det vore prøvt før, men det har jamt vorti ein dryg rest att. Det har elles ingen hast med det heller, hans lyriske åre ser ut til å få ein haustflaum, og amatørvitskapsmannen har ennå nok av oppgåver. Og med tida vil nok både leksikonforfattarar og hans eigne sambygdingar dømme rettare om innsatsen hans. Da vil «agent o.a.» bli mindre vesentlige drag i livsbildet hans.

Ikkje så at denne profesjonen som Hyldbak dreiv i

1930-åra, er så heilt uviktig. Trøsykkel og sko nr. 47 førde H.H. vidt om land i mange slag lende. Om konfeksjonsindustrien i Moss auka omsetnaden i større monn av den grunn, er uvisst. Men agenten auka kjennskapen sin til nordmørsk natur, arbeidsliv og folkeliv. Særlig det siste, der eg ikke kjener hans like. Og som andre agentar laut H.H. vurdere sitt publikum. Men verdiskalaen hans var ofte lite merkantil. Det var ikke alltid den gode kunden han sökte, det var nok elles langt mellom dei i trettiåra. Dess meir sökte han det gode mennesket, kvar det så måtte vere å finne. Dei han fann fram til, går att i diktina hans, både i poesi og prosa. «Heltane» er ofte originalar og einstøtingar, ofte held dei seg langt

frå almannvegen i dobbel tyding. Men «heltinnene» hans er dei aldrande, arbeidsslitne kvinner, dei med ryggen krøkt av armods kår, men med livsens milde visdom i hjertet. Det er ikke all litteratur som er «julelitteratur», og ikke alle bøker kjem i julekatalogen. Ikkje alle blir «anmeldte» i vår største lokalskisse, Oslo-avisene, heller. Særlig gjelder dette for den som går sine eigne vegar både i litteraturen og livet — slike som H.H.

Han debuterte elles pent og pyntelig på eit Oslo-forlag med dei to små diktsamlingane «Harpespel» i 1929 og «Paa vandringsveg» året etter. Knapt trur eg det finst eit einaste dårlig dikt i dei, men ein lyt vel innromme at H.H. har gått i den same fella som så mang ein debutant: han er fanga inn av velklang og rytmelikhet at det blir rett vansklig å nå fram til diktaren sjølv og sjå hans ansiktsdrag i denne tilstasla ramma av litt for store og vakre ord.

Men den neste boka heter «På heimveg» (1937), og deretter kom «Heimbygders» (1942). Til sist «Etterrakster» i 1946. Ein kan merke seg denne gangen frå

# NORDMØRE: Øyer, hav, stor skog og ville fjell

## FOLKELIV OG ARBEID ER MANGFOLDIG OG SKIFTANDE SOM NATUREN

Namnet Nordmør skal vere avleidd av myr, meiner dei kloke, og trulig har dei rett. Sett frå havet er det myrlendet som er mest merkande i landskapet her. I gamle dagar var Nordmøre større og strekte seg langt nordover Fosenhalvøya. Denne delen har seinare vorte bortskoren og lagt til Trøndelag. Vi kan trygt seie, det beste er att.

Ein må rekne Nordmøre for eit kystland. Det er bare eitt av dei 25 «gamle» herad som ikkje når ut til sjøstranda. Stutt kan ein seie det såleis: Nordmøre er ein krins av øyar og framskotnes ut mot havet med lange logne fjordar og frodige strender innetter og nokre dalbygder lengst inne. Slik blir naturen mangfoldig og skiftande, og folkeliiv og arbeidsliv ber merke av det. Nordmøre har den flattaste og lægste av alle store øyar på den norske havstranda, Smøla, men Nordmøre har også i Sunndalen, Litldalen og Innerdalnen noen av dei villaste fjellformene i landet vårt. Nordmøre har fiskarbygder av dei mest typiske i landet, men her er også ei dalbygd, Surnadalforet, som minner om Trøndelagen, og kjem ein opp i Lomundal har ein ikkje lenger noen kjennung av hav eller sjø. Jorda er det einaste naturgjevne vinningsgrunnlaget.

Nordmøre er omlag 5900 kvadratkilometer i flatemål og

men det utgjør likevel 360 på kvadratkilometeren, eit tal som er høgt i europeisk målestav. På den little holmen der ute i havet har husa klora seg fast med ei lita kyrkje på høgste kuven. Det har hendt at mest alle gripværinger har tydd inn i kyrkja i hardveret. Ho stod høgst og var sterkest.

Den enkle naturen gjør inntrykket samla og sterkt. Det er havet, og det er båten. Det er omkring og himmelen over. På sjøen fer dei så snart dei er neven stor, og på sjøen gjør dei og den siste ferda. På Grip er det lite jord for dei som lever, og inkje for dei som er døde. Kyrkjegard har dei på Bremsnes. Folketalet på Grip minkar fort i våre dagar, men ønskjeleg var det om det little samfunnet på holmen kunne haldest opp som den minste og mest særmerkte kommunen i Norge.

Vi tar ferda nordetter og må fare varsamt. Vi kjem oppi noe av det mest ureine farvatn på den norske havstranda med eit virvar av grunnar og skjer, somme med stake, men dei fleste utan. Vi ser ei lang, grå line lågt over sjøen. Det er Fast-Smøla.

Frå Smøla kan vi sjå noen høge stabbar mot himmelsynet. Det er Tustna-stabbane, typiske nordmørsfjell. Dei er ikkje slik at ein får hjernesakking av å sjå

ein intim fagerdom som grip den som kan sjå den og kjenne den, — sterkest kanskje inne i Årvågfjorden og sunda utover mot havet. Det er trøngt her inne, og skogen står tett og mørk heilt nedfjøra. Den tette skogen gir så mørk ein skugge innunder land og gjør den strima som speglar himmelen så blank og

Ulvund som verkar med størst makt. Her er fjorden så brei at det gir perspektiv og oversyn over dei store former i landskapet. Det skogkledde Neslandet og Nesøya i midten gir alvor og tyngde, og den logne ro som skogen alltid gir. Inntrykket får liv med dei veldyrka og velbygde strender på både sider, og det kvite bandet til Alvundfossen lengst inne. Og over dei skogkledde åsryggane og dei heimlige strender teiknar seg fjelltindane i Todalen og Innerdalnen og heilt sørover mot Romsdal. Sterkest verkar inntrykket frå fjorden, men

Og bandet av dyrka jord veks opp mot fjellet. Steinroyser og steingjerdar viser slektenes arbeid.

På Mork i Kvernes kan ein sjå den digre rundingen nede ved sjøen der steinen er ført til fjords. Her finn ein og eitt av dei eldste plantefelt på desse kantar. Det ligg der og viser korleis skog kan alast fram i kyststrøket. Nedover neset reiser den gamle kyrkja seg som eit vitnemål om den framtidsvon som rekk lenger enn skogplanting og jorddyrkning.

Men vi kan ikkje fare heile Nordmøre, da vart vi seit fertige. Vi får snerte innom på ein og annan staden. Vi kan ta med Tingvoll, med den tettbygde Tingvoll-vågen der den gamle fylkeskyrkja fra 1100-talet viser kva makt kristentrua hadde nådd, og kva merke den var i stand til å setje seg alt ved den tida.

Vi kan ta ein tur til Todalen, mest som eit stykke Austland, med den digre fureskogen, og vi bør minnast at den sværeste tømmerstokk som vart vist fram på Jubileumsutstillingen i 1914, den kom frå Todalen på Nordmøre.

Vi kan ta til Sunndalen der storindustrien har reist seg og sjå korleis dei store hallane verkar som reine fyrstikkdåser i det veldige landskapet. Eller vi kan ta ein tur til ein stad der husa ikkje er så store ennå, men der jorda stendig blir større, bureisingsfelte opp i Rindalen, der heimar med kvite stuehus og røde løer grev seg alt lenger og lenger oppover mot fjellet og innover dei urydda vider, og småbarn leikar om nye heimar, og buskap beiter på fagre vollar, der det før var ruskmark og myr, og åkrar bårar i vinden og gulnar mot haust, og Nordmøre blir større.

Men det er ikkje bare jorda som ligg der med sine lovnader om ei sikrare tid. Her er rom for og trøng til eit framskuv for verksdrifta i bygdene våre. Eg ser det er ymta om at snart skal staten komme og gjøe noe verkelig for oss. Ja, er det ikkje anna råd for det, så får ein vere glad for at staten set tiltak i gang.

Men betre var det om nye tiltak voks naturlig fram av det arbeidsliv, den verksdrift som alt er i bygdene våre. Vi nemner med vørnad skipsbyggjarane i Halsa, den djerve skofabrikanten i Torjuvågen, dei ymse tiltak av verksdrift i Surnadal, møbelfabrikkane i Tingvoll og Stangvik, og dei mange andre som kunne nemnast. Vi ønskjer dei framgang og vonar at fleire må følgje etter, og vere med å bygge eit større Nordmøre.

OLA DØNHAIM

«Heimar med kvite stuehus og røde løer grev seg alt lenger oppover mot fjellet og innover dei urydda vider, småbarn leikar om nye heimar og buskap beiter på fagre vollar der det før var ruskmark og myr, og åkrar bårar i vinden og gulnar mot haust, og Nordmøre blir større.»

på landsbygda bur 47 000 menneske. Det utgjør ca 8 på kvadratkilometeren. Reknar ein kristiansundarane med, og det bør ein gjøre, blir det ca. 64 000 nordmøringar, og på kvadratkilometeren omlag 11, det same som medeltalet for Norge. Her på Nordmøre er det, som elles i landet ei sterk flytting inn mot dei sentrale stadene.

Vi kan slå fast at av landsbygdena er det Grip som er tettast folkesett. Med 82 holmar og 130 skjer er heile heradet bare ein halv kvadratkilometer. Nå er det vel att bare 180 gripværinger,

på dei. Dei trugar ikkje med å falle utover ein, breie som dei er i foten. Det er eit bilet på traustleik. Her står vi, og her blir vi stående. Men røselige er dei, og ein kan gå med på den gamle skapringssoga på desse kantar: Jau, da Våherre hadde skapt Tustna, rista han molda av fingrane sine, og såleis vart Smøla til. På den måten kunne dei gamle få sagt at Tustnastabbane var eit storverk av Våherre.

Frå øykrinsen ber fjordane innetter, ikkje så storslegne i si form, ikkje med høgbratte bergsider hangande utover, men med

bjart. Det heile skaper ein lysverknad som ein sjeldan ser den og gir det stillferdige landskapet ein sjarm, ei stemming, ei takande makt ein ikkje finn andre plassar som har fått større ord kanskje. Men dette har ikkje turistane vorte var enno, og så får vi som gler oss særlig i dette landslaget ha det for oss sjølve.

Men Nordmørsfjordane har og parti som ligg meir i ferdavegane og viser seg meir fram. Her er det kan hende synet av fjord og fjell inne i mellom Stangvik og

også fra land, særlig frå Stangviksida, er det storfelt. Bjørnson skal ha sagt da han stod ved Stangvik kyrkje, at nest Nesset prestegard var dette den fagraste staden han hadde sett.

Det vil føre for langt å ta med alle vakre syner av fjord og fjell på Nordmøre, og i grunndraga er dei ofte nokså like: Ei strime av dyrka jord, oftaast velstelt og velbygd opp frå sjøen. Over ein åsrygg i slake båreliner, stundom broa av eit skar som gir utstyr til blånande snøfjell lenger inne.

Men det er ikkje bare jorda som ligg der med sine lovnader om ei sikrare tid. Her er rom for og trøng til eit framskuv for verksdrifta i bygdene våre. Eg ser det er ymta om at snart skal staten komme og gjøe noe verkelig for oss. Ja, er det ikkje anna råd for det, så får ein vere glad for at staten set tiltak i gang. Men betre var det om nye tiltak voks naturlig fram av det arbeidsliv, den verksdrift som alt er i bygdene våre. Vi nemner med vørnad skipsbyggjarane i Halsa, den djerve skofabrikanten i Torjuvågen, dei ymse tiltak av verksdrift i Surnadal, møbelfabrikkane i Tingvoll og Stangvik, og dei mange andre som kunne nemnast. Vi ønskjer dei framgang og vonar at fleire må følgje etter, og vere med å bygge eit større Nordmøre.

OLA DØNHAIM

der tanke og form er eitt. Så er vel H.H. ein språklig purist av dei verste? Nei, korfor skulle han det! Den som vil høre på livs levande talemål, blir ikkje det, kvar han så ferdast. Men det er mi tru at bygdediktaren, kva han så heiter, gjør ein kulturell innsats av rang berre med å tilføre vårt skriftmål om så ein liten del av ordskatten og seiemåten i målføra. Vi tek opp i vårt mål ein flaum av innførde og nylaga ord — og det skal vi gjøre. Men korfor skal dette stå i motsetnad til og for trenge det vi alt har? Alt kultivert språktilfang — og «kultivert» er noe anna enn det Riksmålsbevegelsen meiner — kan gi oss ein betre reiskap for tanken, eit språk med større spennvidd, klårare presisjon og rikare stilte.

Men bygdediktaren er

gjerne noe meir, hans språkkultivering er berre ei side av saka. La gå med at han ikkje flytter grensesteinar i verdslitteraturen og opnar for oss «en ny virkelighet», som det heiter nå til dags. Han kan i alle fall få oss til å sjå klårare den vesle verd vi vandrar i til kvarlags.

Eg møter ofte folk som eg aldri kan mistenke for intim omgang med poesien, og noe av det aller siste dei kunne komme på å gjøre, var å gå inn i ein bokhandel og kjøpe ei diktsamling. Men dei kan vers etter vers av H.H. utaboks. Somme strofer frå hans hand har gått inn som sitat i daglig tale i bygda — skal vi kalle det brukskunst? Han har gitt oss ein Nordmørs-song og ein bygdesong som er meir ekte og sann i tanke og form enn storparten av den lokalpatriotiske diktina ein

elles støyter på. Han har laga prologar som held mål som diktning, og det er enda meir sjeldsynt. Han har ulønt lesi «eigne dikt» i lag og lyd i mange år....

Eg skal slutte med dette før det endar i rein lovprisning, så vondt vil eg ikkje Hans Hyldbak. Heller ikkje skal eg her ta med det vitskapelige innsamlingsarbeidet han har gjort, eller det bindsterke bygdebokverket for Surnadal, og liknande arbeid for andre bygder. Eit årelangt skrivearbeid for ungdomsbladet «Heimveg» gjorde dette til noe anna og meir enn slike blad flest — heilt til N.S. sette bom for utgiinga.

Når ein les Hans Hyldbak — det kan vere poesi eller prosa — slår det ein at dette på mange vis minner om Aa. O. Vinje. Om Hyldbak er klår over dette, er

meir enn eg veit. Eg trur slett ikkje det her er tale om etterlikning, men åndelig slektskap: det mykje om skrivne «tvisynet», ei viss opposisjonslyst, trøngen til å gå sine eigne vegar, og ikkje minst å leike med sine hjartesår. Kan hende er dette eigenskapar som hører folkelyndet til på desse kantar — somme meiner det. Men eg undrast stundom på om det ikkje gjerne kan seiast å vere typisk for den stil-

ling bygdekunstnaren — og ikkje minst bygdediktaren — til alle tider har hatt og har. Han er sterkt knytt til sitt miljø, men enda på ein måte utafor, han er annleis enn godtfolk flest. Skal tru om ikkje dette gjeld for fleire enn Hans Hyldbak?

Det får vere som det vil og må med dette. Men godt er det at vi ennå har slike mellom oss. Det er ikkje berre Nobel-prisvinnarar som er kulturberarar.

## SPRÅKLIG SAMLING

Adressene til  
redaktøren: Fagertun 4c,  
Jeløya.  
redaksjonsekretæren:  
Grefsen 5A, Oslo NØ.  
ekspedisjon: Postboks 636, Oslo. Postgirokonto nr. 163 78.

Abonnementspris: kr. 5,— pr. år  
TRYKT HOS S. BERN. HEGLAND, FLEKKFJORD.

Annonsepriser:  
Svart/kvitt: Alle sider  
50 øre pr. mm.  
Svart/kvitt og en farge:  
80 øre pr. mm.